

Koordinerende eining

Kontaktadresse:

Koordinerende eining v/Maud Andreassen
Rådhuset
6240 Ørskog

For søknadsskjema/meir informasjon om
Koordinerende eining:

koordinerende.eining@orskog.kommune.no

Sørviskontoret telefon nr : 70 16 59 00

Koordinerende eining:

Vernepleiar Maud Andreassen (leiar)
Avdelingsleiar ved Sjøholt skule
Ole Martin Korsbrekke
Kommunefysioterapeut Sveinung Sivertsen



Ørskog kommune
2012

Kva er koordinerande eining?

- Instans der brukarar med behov for habilitering/rehabilitering kan vende seg.
- Etter forskrift om habilitering og rehabilitering § 6 skal det vere ei koordinerande eining for habilitering og rehabilitering i kommunen.



Kva kan koordinerande eining hjelpe deg med?

- Ha oversikt over kva tenester som er tilgjengeleg i Ørskog kommune og formidle kontakt med tenester som er aktuelle i din situasjon.
- Koordinere tenestetilbodet innanfor habilitering og rehabilitering mellom kommunale og statlege tenester, til dømes sjukehus.
- Motta melding / Gjere vedtak om individuell plan.
- Tildele brukarkoordinator.

Kven kan ha behov for habilitering eller rehabilitering?

- Personar som pga. skade eller sjukdom har fått nedsett funksjonsevne og treng bistand til å fungere i dagleglivet.
- Personar med kroniske sjukdommar.
- Personar med medfødt funksjonssvikt.
- Personar med fysiske, psykiske og sosiale problem.
- Personar som grunna redusert funksjonsevne treng hjelp til planlegging av ny kvardag, til dømes ved overgang frå barnehage til skule, mellom ulike skular, frå skule til arbeidsliv og ved ny busituasjon.

Mål for habiliterings- og rehabiliteringsarbeidet i Ørskog kommune

- Brukarar med behov for koordinerte tenester veit kvar dei skal vende seg for å få hjelp.
- Brukarar med behov for koordinerte tenester opplever tenestetilbodet som samordna, koordinert og individuelt tilpassa.
- Brukarar med behov for koordinerte tenester opplever at det vert lagt vekt på brukarmedverknad, og at tiltak og tenester tek utgangspunkt i den einkilde sine ressursar.
- Universell utforming.